

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 15.08.18

Vår ref. 744/18/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 18/11658

Fiskeridirektoratet region Vest
v/ Solveig Anita Kristine Seljemo

E-mail

RADØY, TOSKAVEGEN (SKÅRNEVIKA) – SØKNAD OM KAI, FLYTEBRYGGE OG UTFYLLING I SJØ 43/4 M.FL.

Viser til Dykkar brev av 02.08.18, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Det blir her søkt om mindre utfylling i sjø, kai og flytebryggje innafor reguleringsplanen i Skårnesvika.

Me viser til vår uttale av 14.07.16, vår ref. 782/16/BSI/5.7.1.3, til «Radøy, Toska, Skårnesvika – oppstart detaljregulering 43/94 m.fl.» der me uttalte følgjande:

«Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gyrefelt for torsk i/ved reguleringsområdet.

Ein vil minne om at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport *“Kartlegging av forurensing i utvalgte*

småbåthavner i Norge" (TA-2751/2010), som viser at småbåthavner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthavner kan avgrensast.

Det bør ikkje gjerast arbeid i sjø i gyteperioden januar-april.

Fortøyingane må avgrensast mest mogeleg, slik at det beslaglegg minst mogeleg sjøareal for anna bruk.

Ein føreset at fiskeriinteressene blir ivaretatt i det vidare arbeidet.»

Om ovannemnde blir fulgt opp har me ikkje merknader til søknaden.

Ein vil på generelt grunnlag peike på at det for saker som blir sendt på høyring må leggjast med fortøyingplan for flytebyggjer o.l., på kart som viser djupnekoter.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Radøy kommune



Toskesundet

25

25 25

35.4

37.2

25

25

25

Skårneset

Skårnesvika

Tiltak

Toska

Botn


Varden

25
13.8

iga

410 Toskavegen

410






Eksisterende grov steinfylling


Ny utfylling, kai

Profil



NY UTVEIKNINGSPROSJEKT I TRONDHEIM



	Tilbyr: Richard Tangen m.fl	Målestokk: 1:500 A4	Prosjekt: 1
	Til: Naust Toska Gnr 43 Bnr 4 m.fl		Dato: 13/12/17
	Angitt: Situasjonsplan		Blatt: MT